

16.10.2020

## **Endring av opptaksområde for skulane i Bjørnafjorden kommune i samband med opning av Borgafjellet barneskule**

I samband med opning av Borgafjellet barneskule hausten 2021, vil elevar på fire skular få nærskulerett til ein ny skule. I Bjørnafjorden kommune har vi ordninga «fritt skuleval». Det inneber at ingen elevar på Os barneskule, Kuventræ barneskule eller Lunde barneskule må byte skule dersom dei ikkje ønskjer det.

### **Lovheimel om nærskule**

Opplæringslova, § 8-1, slår fast at alle barn har rett til å gå på sin nærskule:

Grunnskuleelevane har rett til å gå på den skulen som ligg nærast eller ved den skulen i nærmiljøet som dei soknar til. Kommunen kan gi forskrifter om kva for skule dei ulike områda i kommunen soknar til. Kravet i § 38 første leddet bokstav c i forvaltningslova om kunngjering i Norsk Lovtidend gjeld ikkje.

Nærskuleretten i Os-området av Bjørnafjorden kommune er regulert av dokumentet «Forskrift om opptaksområde» som de finn på nettsida til kommunen. Her finn de kartskisser og detaljar:

<https://bjornafjorden.kommune.no/skule-og-barnehage/skule/skular-i-bjornafjorden/>

### **Ny nærskule**

Elevar som får ny nærskule, vil få melding om skuleplass frå den skulen dei høyrer til etter dei nye opptaksområda. Alle elevar ved Hegglandsdalen barneskule vil få ny nærskule. Vidare gjeld dette elevar i Kuvågenområdet som går på Lunde barneskule, elevar i Solliaområdet som går på Kuventræ barneskule og elevar som bur «aust om elvo» og går på Os barneskule.

Retten til skuleskyss er knytt til nærskulen. Elevar som ikkje lenger går på nærskulen sin, kan miste retten til skuleskyss.

### **Søknad om å gå på ein annan skule enn nærskulen**

Vi oppfordrar alle til å nytte seg av nærskuleretten. Elevar ved Kuventræ barneskule, Lunde barneskule og Os barneskule som ikkje ønskjer å byte skule, må søkje om å få halde fram på den skulen dei har hatt plass ved.

Vi ber om at alle som ønskjer å halde fram på sin «gamle» nærskule, søkje om dette innan 1. desember 2020. Alle søknader vil bli innvilga. [Søknadskjema finn de på Bjørnafjorden kommune sine nettsider.](#)

### **Tilsette ved Borgafjellet barneskule**

Tilsette ved Hegglandsdalen barneskule blir overførte til Borgafjellet barneskule. Kor mange som i tillegg skal arbeide ved den nye skulen, er avhengig av tal på elevar. All nødvendig informasjon om kontaktlærarar blir gitt i juni 2021.

Beste helsing

—  
Janne Martha Efteland Eik  
Fagsjef skule  
Bjørnafjorden kommune